

Referat frå møte med Valle kommune og Arendal vasdrags og brugseierforening

Møtedato: 24.01.2019

Stad: Valle kommunehus

Tilstades:

Steinar Kyrvestad , Ordførar

Gro Åmlid, Valle kommune

Andrè Loga Gjerde, AVB

Leif Ottar Tveito (AE)

Referent: Gro Åmlid

Med bakgrunn i brev frå Valle kommune datert 10.01.2019 til Arendal Vasdrags og Brugseierforening (AVB), er fylgjande saker på agendaen:

- Båtferdsl
- Infotavle i Torsdalen
- Veg
- Båtrampe (betongrampe).
- Parkeringsplasser i Torsdalen.
- Trær og røter i magasinet
- Bru over Bispevegen.

AVB ynskjer at det vert oppretta ei Velforeining som består av rettighetshavarar som AVB kan ha dialog med i samband med tiltak som til dømes trallebane, parkeringsområde.

Valle kommune tek initiativ til at det vert oppretta ei Velforeining.

-Parkeringsplassar i Torsdalen

AVB vil sjå på utbetring av parkeringsområde som dei har rettigheter i.

AVB vil snu båthusbua og fjerne trallbanen i dialog med Velforeininga (rettighetshavarar).

-Båtrampe (betongrampe)

AVB er åpen med å komme i dialog med Velforeininga i samband med forlenging av båtrampe og å gjere den breiare.

-Båtferdsl på magasinet kart og merking.

AVB sørger for å sette opp kartsilt som syner vegpunkt og farbar veg over vatnet.

Digital merking av waypoints.

-Infotavle

AVB sørger for at det vert sett opp ei infotavle for allmenta, som skal innehalde generell informasjon.

Dette vert gjort i samarbeid med Fyresdal og Valle kommunar, Velforeininga og DNT.

-Veg opp mot dammen

AVB skal sørge for å utbetre vegskulder og sørge for at vegskulder vert tilfredsstillande sikra.

-Bru over bispevegen

AVB bidreg med materialar ved førespurnad, dei har ikkje ansvar for vedlikehald av brua.

-Trær og røter i magasinet

Det har tidlegare vært ei opprydding i magasinet, men AVB er positive til at det kan gjerast ein ny vurdering. Dette kan AVB ha ein dialog med Velforeininga.

Anna som vart teke opp i møte

Refusjon av kostnadar vart drøfta i møte og AVB har lova å gjeve tilbakemelding **innan 31.01.2019**.